

Vaksdal kommune



# Samandragsrapport muligheitsstudiar Dale barne- og ungdomskule

Versjon: 1

2016-01-20 Oppdragsnr.: 5150543



Rev. 20.01.16	Dato:	Samandragsrapport Dale barne- og ungdomsskule	Utarbeidet ES	Fagkontroll WAG	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

# Innhald

<b>1</b>	<b>Bakgrunn for samandragsrapporten</b>	<b>4</b>
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Bakgrunnsdokument	5
1.3	Organiseringa av planarbeidet	5
1.4	Fire alternativ for framtidig Dale- barne og ungdomsskule	5
<b>2</b>	<b>Kort om Dale barne- og ungdomsskule</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>Strukturalternativa</b>	<b>7</b>
3.1	Økonomiske føresetnader	7
3.2	Arealberekning	8
3.3	Alternativ 0 – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativ)	9
3.3.1	Skulebygget	9
3.3.2	Uteområdet	9
3.4	Alternativ 1 – Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget (5-7.årstrinn) frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal	10
3.4.1	Skulebygget	10
3.4.2	Uteområde	10
3.5	Alternativ 2 – Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle	11
3.5.1	Skulebygget	11
3.5.2	Uteområde	11
3.6	Alternativ 3 Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal	12
3.6.1	Skulebygget	12
3.6.2	Uteområde	12
<b>4</b>	<b>Tomteval for ny skule</b>	<b>13</b>
4.1	Eksisterande tomt	13
4.2	Tomt langs Daleelva (Sandliane)	15
4.3	Kamgarnfabrikken	17
4.4	Oppsummering tomteval	19

# 1 Bakgrunn for samandragsrapporten

## 1.1 Bakgrunn

I løpet av 2015 har Norconsult utarbeidd fleire rapporter knytt til skulesektoren. Desse har i hovudtrekk omhandla vurderingar av tilstand, kapasitet, struktur, funksjonalitet, samt moglegheitsstudiar.

Dale barne- og ungdomsskule (Dale BU) er den største skulen i Vaksdal kommune, både i høve til talet på elevar og tilsette, - og i høve til bruttoareal. Det er avdekka eit stort vedlikehaldsetterslep ved skulebygget, og ei vesentleg del av dette etterslepet må utbetrast innan dei næraste 10 åra.

I løpet av 2016 må kommunestyret ta stilling til fleire spørsmål knytt til framtida for Dale BU og kva tiltak som skal setjast i verk her:

- Om eksisterande skulebygg skal rehabiliterast?
- Skal skulen utvidast for å auke kapasiteten?
- Skal det byggjast ny skule?
- Kvar skal ein eventuell skule byggjast?

Kommunestyret vedtok i sak 46/2015 og 49/2015 at det skulle utarbeidast eit forprosjekt for ny barne- og ungdomsskule på Dale i tre alternativ, i tillegg til eit 0-alternativ basert på vidareføring av eksisterande skulestruktur. Alternativene er som følgjer:

- *Skulestruktur som i dag.*
- *Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle*
- *Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal.*
- *Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal*

Val av framtidig skulestruktur i Vaksdal kommune, vil og vere avgjerande for kva framtidsalternativ kommunen vel for Dale BU.

I denne samandragsrapporten vert skisserte moglege tiltak for framtidig Dale BU samanfatta og presentert i kortform. Avslutningsvis vert tre tomtealternativ for lokalisering av framtidig Dale Bu vurdert.

For ein meir detaljert og heilskapleg presentasjon, vert det vist til grunnlagsrapportane som denne samandragsrapporten tek utgangspunkt i.

## 1.2 Bakgrunnsdokument

- Kommunestyrevedtak Vaksdal kommune, 22.06.2015, Sak 46/2015 og 49/2015
- Kunnskapsgrunnlag til prosess for drøfting av ny skulestruktur. Vaksdal kommune 2015.
- Rapportar utarbeidd av Norconsult
  - Tilstandsvurderingar kommunale skulebygg, Norconsult 2015  
Her i blant Tilstandsvurdering Dale barne- og ungdomsskule
  - Moglegheitsstudiet K600-skule i Dale, Norconsult 2015
  - Moglegheitsstudiet K400-skule i Dale, Norconsult 2015
  - Moglegheitsstudiet for skule i Kamgarnfabrikken, Norconsult 2016
  - Skulebruksplan 2015-2030, Norconsult 2015

## 1.3 Organiseringa av planarbeidet

Planarbeidet med moglegheitsstudie for Dale barne- og ungdomsskule har vore organisert av ei administrativ arbeidsgruppe, leia av Willy André Gjesdal, einingsleiar samfunnsutvikling. Gruppen har elles hatt slik samansetning:

Ann-Kristin Bolstad, kommunalsjef oppvekst  
Magnar Helland, einingsleiar oppvekst  
Truls Morten Kaland, økonomisjef  
Arild Johannessen, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet

Ann-Kristin Bolstad har hatt ansvar for planarbeidet knytt til skulebruksplan og skulestruktur.

Norconsult, ved Pål Bjørkhaug, Cathrine Hofland, Terje Gregersen og Espen Storstrand har vore engasjert som konsulent for arbeidet med moglegheitsstudiane og skulebruksplan.

Det er òg gjennomført møte med rektorane, verneombod og ATV i høve utgreiinga.

## 1.4 Fire alternativ for framtidig Dale- barne og ungdomsskule

Kommunestyret vedtok i sak 46/2015 og 49/2015 at det skulle utarbeidast eit forprosjekt for ny Dale barne- og ungdomsskule i fire alternativ, der eit 0-alternativ basert på vidareføring av eksisterande skulestruktur inngår.

Alternativ	Skulestruktur	Dimensjonerande elevtal DBU
Alternativ 0	Som i dag	250
Alternativ 1	Mellomsteget til DBU	400
Alternativ 2	Stamnes og Stanghelle til DBU	400
Alternativ 3	Vaksdal, Stamnes og Stanghelle til DBU	550

Figur 1.4 Fire alternativ for framtidig DBU, med dimensjonerande elevtal.

## 2 Kort om Dale barne- og ungdomsskule

Dale barne- og ungdomsskule ligg i sentrum av Dale, langs med skinnegangen til Bergensbanen og europavegen E16. Skulen tek i mot elevar frå Dale skulekrins på barnsteget (1-7), og er sentralskule for Vaksdal kommune på ungdomssteget. På barnsteget er skulen fådelt med 4 til 5 klassar, medan ungdomssteget har 2 parallellar på 8.-10. trinn.

Skuleåret 2015-2016 har skulen ca. 235 elevar fordelt på 10 klassar. Omkring 30 barn nyttar tilbodet til skulefritidsordninga (1.-4. trinn).

Skulen har omkring 30 pedagogar tilsett (lærarar og skuleleiing) og 8 fagarbeidarar/assistentar.


Skulebygget består i hovudsak av 5 bygningar som heng saman. Barneskulebygget i øst er frå 1937. Midt i skuleanlegget ligg Realfagbygget som er i frå 1953. Symjehall og gymsal ligg mellom Realfagbygget og Ungdomsskulefløya. Desse tre siste bygga er frå 1968.

**Bruttoareal:** 7076m<sup>2</sup> (ekskl. symjehall)

**Skuletomt:** Gnr 22/ Bnr 91  
ca. 16250m<sup>2</sup>

**Tilgjengeleg uteareal:**  
Ca. 7600m<sup>2</sup>

**Vedlikehaldsetterslep:**  
Kr. 215 mill. fram til 2040\*  
(Norconsult 2015)



### Teknisk vurdering av skulebygget

Teknisk gjennomgang av skuleanlegget våren 2015 (Norconsult) avdekket eit omfattande vedlikehaldsetterslep i heile skuleanlegget. Anslag for samla kostnad for vedlikehaldsetterslepet er kr. 215 mill. (inkl. mva) fram til år 2040. Tiltak som må gjerast innan 10 år utgjer omkring kr. 168 mill. (inkl. mva).

Vurderinga av vedlikehaldsetterslepet tek utgangspunkt i etterslep knytt til dei tekniske faga. Kostnader knytt til ei pedagogisk og strukturell oppgradering, til eit moderne og framtidsette skulebygg, er ikkje tatt med kostnadsberekninga her.

# 3

## Strukturalternativa

I dette kapittelet vert fire alternativ for framtidig Dale BU i korte trekk presentert. Alternativa tek utgangspunkt i strukturalternativa som vart vedteke av kommunestyret (Sak 49/2015).

Dei fire strukturalternativa vil føre til framtidig kapasitetsbehov for Dale BU:

Alternativ 0: Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativ)

Alternativ 1: Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal

Alternativ 2: Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle

Alternativ 3: Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal.

Elevtalsframskriving for ungdomssteget vert lik for alle alternativa, sidan struktur med felles ungdomstrinn for kommunen på Dale BU ligg fast.

### 3.1 Økonomiske føresetnader

Dei økonomiske kalkylene for bygningsmessige tiltak i strukturalternativa tar utgangspunkt i slike føresetnadar:

Behov	Kostnad (2015-kroner)
Rive-/saneringskostnader	Kr. 1.474,-
Rehabilitering og etterslep vedlikehald	Kr. 22.000,-
Nybygg/tilbygg	Kr. 35.000,-

Tabell 3.1: Prosjektkostnad pr. m<sup>2</sup> er overslagstall som er basert på erfaringspriser og statistiske priser frå Norsk prisbok 2015 (priser inkl. mva).

For utfyllande forklaring av dei økonomiske føresetnadane vert det vist til Skulebruksplanen kapittel 6.3 Økonomiske føresetnader for investeringskostnader og driftskonsekvensar (Norconsult 2015).

## 3.2 Arealberekning

Vaksdal kommune har ikkje ein eigen vedteken arealnorm for skuleanlegg. Det er difor utarbeidd ei norm som byggjer på erfaringstal frå kommunar i Norge. Denne vart presentert i Skulebruksplan 2015-2030, i kapittel 5. Arealskjemaet syner normert arealbehov for ulike skuletypar og skulestorleikar – tilpassa dagens skular og strukturalternativa seinare i rapporten.


### Tilleggsareal

I tillegg til arealkategoriene som er lagt inn i skjema, ønskjer Vaksdal kommune at det skal leggjast inn følgjande tilleggsfunksjonar:

- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) 30m<sup>2</sup> ekstra areal
- Kulturskule 30m<sup>2</sup> ekstra areal
- Konsertsal for inntil 200 personar 300m<sup>2</sup> (inkl. støtteareal)
- Folkebibliotek 300m<sup>2</sup> ekstra areal

(Tilleggsfunksjonane er nærare skildra i Moglegheitsstudiet K600, kapittel 5.2.7).

Helsestasjon er ikkje med på lista over tilleggsfunksjonar fordi denne funksjonen er lagt inn i det ordinære arealskjema for skulen.



Figur 3.2 Skjematisk oversikt av framtidig skuleareal Dale BU, med tilleggsfunksjonar.

Kombinert kultur- og idrettssal, samt helsestasjon er i heilheit lagt inn som ein del av skulearealet. Spesialisert læringsareal for musikk vert utvida i høve til skulens behov for å gje plass til kulturskulens behov. Areal for biblioteket vert utvida slik at skulebiblioteket inngår som ein del av folkebiblioteket.

Areal for PPT vert lagt inn som tilleggsareal. Det vil vere aktuelt å planlegge noko sambruk med helsestasjon og skuleleing om støtteareal (garderobe, wc, møterom og liknande.).

Kultursal er i utgangspunktet tenkt samlokalisert med areal for kroppsøving (gymsal). Dersom ny skule vert lokalisert i nærleiken av Turbinen idrettshall, vil skulen ikkje ha behov for eigen gymsal. I så fall vil arealbehovet for ein kultursal (med støtteareal) vere noko mindre enn det som er lagt inn i sambruk med idrettsareal.

Sambruk kultursal og auditorium kan vere eit alternativ for sambruksfunksjon dersom skulen ikkje treng eigen gymsal. I kostnadstabellane under er det lagt inn eit tilleggsbehov på 300m<sup>2</sup> for kultursal/auditorium for alternativ lokalisering nær Turbinen idrettshall.



### 3.3 Alternativ 0 – Vidareføring av dagens situasjon (referansealternativ)

Alternativ 0 er basert på ei vidareføring av eksisterande skulestruktur. Dale BU kan forvente ei lita elevtalsauke på kort sikt på barnesteget, men prognosen forventar at samla elevtal på barnesteget vil ligge under 100 elevar i brorparten av prognoseperioden. Ungdomssteget vil som hovudregel ha eit elevtal som tilseier drift i ein to-parallell skule med 6 klassar. (J.f. prognosetabell 2.3, Skulebruksplan 2015).

#### 3.3.1 Skulebygget

Framtidig løysning etter 0-alternativet er basert på nytt skulebygg. Ei løysning basert på rehabilitering av eksisterande bygg har vore vurdert men vert ikkje tilrådd (j.f. Skulebruksplan 2015, kap. 6.6 og 6.7). Nybygg vert difor lagt til grunn også for alternativ 0.

På bakgrunn av elevtalsframskrivinga for dei enkelte skulekrintane, vert det lagt til grunn eit kapasitetsbehov på 250 ved Dale BU med alternativ 0 (J.f. elevtalsprognose Skulebruksplan kap. 6.8.3).

**Dimensjonerande elevtal:** 250

**Sum behov bruttoareal:** 3532m<sup>2</sup> (inkl. idrettsareal, eksklusiv symjehall)

**Sum behov tilleggsareal:** 360m<sup>2</sup> (inkl. ppt, folkebibliotek og kulturskule)  
Kultursal vert her etablert i sambruksløysing med idrettsareal.

Dale barne- og ungdomsskule			Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
Alternativ 0 Videreføring av dagens situasjon	Dimensjon. elevtal jf. prognose	Arealbehov iht elevtal	Riving/ sanering	Nybygg	Tilleggs- areal	Riving/ sanering	Nybygg inkl. tilleggsareal	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)
			eksist. tomt	250	3 532	7 076	3 532	360	10,4 mill
tomt v/ Sandliane	250	3 060	7 076	3 060	660	10,4 mill	130,2 mill	<b>140,6 mill</b>	<b>8,2 mill</b>

Tabell 3.3.1 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 0. Ved bruk av eksisterande tomt er det lagt inn idrettsareal i nybygg. For tomt ved Sandliane er areal nybygg utan idrett, men med tilleggsareal for kultursal. Kostnader knytt til symjehall er ikkje med i oversikten.

Det er lagt til grunn at elevane på 1-7.årstrinn nyttar kultur- og idrettsareala som vert integrert som ein del av skulebygget. Idrettsareala vil ha kapasitet nok til at også ungdomsskuleelevane kan ha undervisninga i kroppsøving lagt til skulen. Ut frå omsyn til kapasitet vil ungdomsskulen difor ikkje ha behov for å nytte idrettsareala i Turbinen idrettshall.

#### Midlertidige lokale i byggjeperioden

Kostnader knytt til etablering og leige av midlertidig skulebygg i byggjeperioden er ikkje teke med i kostnadsoversikten over (Tabell 3.3.1). I rapporten Mogleighetsstudie K600 (Norconsult 2015) er det stipulert ei samla leigekostnad på ca. 10 mill. kr. (inkl. mobilisering) for brakkebygg over 2 år, for skule med omkring 230 elevar.

#### 3.3.2 Uteområdet

I tråd med tilråding frå helsedirektoratet vil skulen ha behov for eit tilgjengeleg og tilrettelagt uteareal på omkring 10.000 m<sup>2</sup> (ref. *Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014). Tilgjengeleg tomtareal er vurdert som tilstrekkeleg i høve til det totale arealbehovet for ein K250-skule.

### 3.4 Alternativ 1 – Auke i elevtal ved overføring av elevar på mellomsteget (5-7.årstrinn) frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal

Alternativ 1 er basert på at alle skulane vert vidareført, men at Dale BU vert fellesskule for 5.-10. årsteg for alle skulane utanom Eksingedalen skule. 1.-4. årstrinn vert vidareført som fådelt skule. Skulane på Stamnes, Stanghelle og Vaksdal vert vidareført som 1-4-skular. Her vert Stamnes og Stanghelle fådelte, medan Vaksdal vert fulldelt.

#### 3.4.1 Skulebygget

På bakgrunn av elevtalsframskrivinga for dei enkelte skulekrinsane, vert det lagt til grunn eit kapasitetsbehov på 400 ved Dale BU med alternativ 1. (J.f. elevtalsprognose Skulebruksplan kap. 6.8.3).

**Dimensjonerande elevtal:** 400

**Sum behov bruttoareal:** 5212m<sup>2</sup> (inkl. idrettsareal, eksklusiv symjehall)

**Sum behov tilleggsareal:** 360m<sup>2</sup> (inkl. ppt, folkebibliotek og kulturskule)

Kultursal vert her etablert i sambruksløyising med idrettsareal.

Dale barne- og ungdomsskule			Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
Alternativ 1 Fellesskule 5-10 årstrinn	Dimensjon. elevtal jf. prognose	Arealbehov iht elevtal	Riving/ sanering	Nybygg	Tilleggs- areal	Riving/ sanering	Nybygg inkl. tilleggsareal	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)
eksist. tomt	400	5 212	7 076	5 212	360	10,4 mill	195,0 mill	<b>205,5 mill</b>	<b>11,9 mill</b>
tomt v/ Sandliane	400	4 722	7 076	4 722	660	10,4 mill	188,4 mill	<b>198,8 mill</b>	<b>11,5 mill</b>

Tabell 3.4.1 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 1. Ved bruk av eksisterande tomt er det lagt inn idrettsareal i nybygg. For tomt ved Sandliane/Kamgarn er areal nybygg utan idrett, men med tilleggsareal for kultursal. Kostnader knytt til symjehall er ikkje med i oversikten.

Det vert lagt til grunn at det vert etablert idrettsareal med ein gymsal i det nye skulebygget. Ein sal vil vere nok til å dekke behovet for ein K400-skule med opp mot 16 klassar, men det vil lette på kapasiteten om tilleggsareal i Turbinen idrettshall vert nytta for dei eldste elevane.

Dersom ny K400-skule vert plassert på tomt nærare Turbinen idrettshall, i gangavstand også for dei yngste elevane, vil skulen ikkje ha behov for eigen gymsal. I så fall må det i staden etablerast tilleggsareal for kultursal i nytt skuleanlegg.

#### 3.4.2 Uteområde

I tråd med tilråding frå Helsedirektoratet vil skulen ha behov for eit tilgjengeleg og tilrettelagt uteareal på omkring 17.500 m<sup>2</sup> (ref. *Veieleder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014).

Eksisterande skuletomt er vesentleg mindre enn tilrådinga frå Helsedirektoratet. Det vil difor vere naudsynt å vurdere moglegheit for å utvide tomtearealet dersom ein framtidig K400-skule skal etablerast på eksisterande skuletomt.

Val av skuletomt vert vurdert nærare i neste kapittel (kap. 4).

### 3.5 Alternativ 2 – Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes og Stanghelle

Alternativ 2 er basert på at elevar frå Stamnes og Stanghelle vert overført til ny kombinertskule på Dale med kapasitet til 400 elevar. Gjennomsnitt elevtal på barnetrinnet vert omkring 33 elevar. Det vil gje 2 klassar på dei fleste årstrinna, men nokre få årstrinn vil berre få ein klasse.

#### 3.5.1 Skulebygget

På bakgrunn av elevtalsframskrivinga for dei enkelte skulekrinsane, vert det lagt til grunn eit kapasitetsbehov på 400 ved Dale BU med alternativ 2. (J.f. elevtalsprognose Skulebruksplan kap. 6.8.3).

**Dimensjonerande elevtal:** 400

**Sum behov bruttoareal:** 5212m<sup>2</sup> (inkl. idrettsareal, eksklusiv symjehall)

**Sum behov tilleggsareal:** 360m<sup>2</sup> (inkl. ppt, folkebibliotek og kulturskule)

Kultursal vert her etablert i sambruksløyising med idrettsareal.

Dale barne- og ungdomsskule			Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			Kapital- kostnad pr år (NOK)
Alternativ 2 Fellesskule Dale, Stamnes og Stanghelle	Dimensjon. elevtal jf. prognose	Arealbehov iht elevtal	Riving/ sanering	Nybygg	Tilleggs- areal	Riving/ sanering	Nybygg inkl. tilleggsareal	Investerings- kostnad	
eksist. tomt	400	5 212	7 076	5 212	360	10,4 mill	195,0 mill	<b>205,5 mill</b>	<b>11,9 mill</b>
tomt v/ Sandliane	400	4 722	7 076	4 722	660	10,4 mill	188,4 mill	<b>198,8 mill</b>	<b>11,5 mill</b>

Tabell 3.5.1 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 2. Ved bruk av eksisterande tomt er det lagt inn idrettsareal i nybygg. For tomt ved Sandliane/Kamgarn er areal nybygg utan idrett, men med tilleggsareal for kultursal. Kostnader knytt til symjehall er ikkje med i oversikten.

Det vert lagt til grunn at det vert etablert idrettsareal med ein gymsal i det nye skulebygget. Tilgang til berre ein gymsal vil vere knapt for å dekke behovet for ein K400-skule med opp mot 20 klassar, men det vil lette på kapasiteten om tilleggsareal i Turbinen idrettshall vert nytta for dei eldste elevane.

Dersom ny K400-skule vert plassert på tomt nærare Turbinen idrettshall, i gangavstand også for dei yngste elevane, vil skulen ikkje trenge eigen gymsal. I så fall må det i staden etablerast tilleggsareal for kultursal i nytt skuleanlegg.

#### 3.5.2 Uteområde

I tråd med tilråding frå Helsedirektoratet vil skulen ha behov for eit tilgjengeleg og tilrettelagt uteareal på omkring 17.500 m<sup>2</sup> (ref. *Veieleder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014).

Eksisterande skuletomt er vesentleg mindre enn tilrådinga frå Helsedirektoratet. Det vil difor vere naudsynt å vurdere moglegheit for å utvide tomtearealet dersom ein framtidig K400-skule skal etablerast på eksisterande skuletomt.

Val av skuletomt vert vurdert nærare i neste kapittel (kap. 4).

### 3.6 Alternativ 3

#### Auke i elevtal ved overføring av elevar frå Stamnes, Stanghelle og Vaksdal

Elevar frå Vaksdal, Stamnes og Stanghelle skular vert overført til Dale barne- og ungdomsskule. Eksingedalen vert vidareført som i dag. Det byggjast ny kombinertsule på Dale med kapasitet til 550 elevar.

#### 3.6.1 Skulebygget

På bakgrunn av elevtalsframskrivinga for dei enkelte skulekrinsane, vert det lagt til grunn eit kapasitetsbehov på 550 ved Dale BU med alternativ 2. (J.f. elevtalsprognose Skulebruksplan kap. 6.8.3).

Elevtalet på trinna vil i hovudsak variere mellom 40 og 60. Dersom alle trinnareala skal ha plass til store årskull med opp mot 60 elevar, må kapasiteten aukast til K600.

**Dimensjonerande elevtal:** 550 (J.f. elevtalsprognose Skulebruksplan kap. 6.8.3)

**Sum behov bruttoareal:** 6621m<sup>2</sup> (inkl. idrettsareal, eksklusiv symjehall)

**Sum behov tilleggsareal:** 360m<sup>2</sup> (inkl. ppt, folkebibliotek og kulturskule)

Kultursal vert her etablert i sambruksløyising med idrettsareal.

Dale barne- og ungdomsskule			Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			
Alternativ 3 Felleskule Dale, Stamnes, Stanghelle og Vaksdal	Dimensjon. elevtal jf. prognose	Arealbehov iht elevtal	Riving/ sanering	Nybygg	Tilleggs- areal	Riving/ sanering	Nybygg inkl. tilleggsareal	Investerings- kostnad	Kapital- kostnad pr år (NOK)
			eksist. tomt	550	6 621	7 076	6 621	360	10,4 mill
tomt v/ Sandliane	550	6 131	7 076	6 131	660	10,4 mill	237,7 mill	<b>248,1 mill</b>	<b>14,4 mill</b>

Tabell 3.6.1 Investerings- og bygningsmessige konsekvensar for alternativ 3. Ved bruk av eksisterande tomt er det lagt inn idrettsareal i nybygg. For tomt ved Sandliane/Kamgarn er areal nybygg utan idrett, men med tilleggsareal for kultursal. Kostnader knytt til symjehall er ikkje med i oversikten.

Det vert lagt til grunn at det vert etablert idrettsareal med ein gymsal i det nye skulebygget. Tilgang til berre ein gymsal vil ikkje dekke behovet for ein K550-skule med minst 22 klassar. Det vert difor lagt til grunn at ungdomssteget får undervisning i kroppøving lagt til Turbinen idrettshall. Dersom ny K550-skule vert plassert på tomt nærare Turbinen idrettshall, i gangavstand også for dei yngste elevane, vil skulen ikkje trenge eigen gymsal. I så fall må det i staden etablerast tilleggsareal for kultursal i nytt skuleanlegg.

#### 3.6.2 Uteområde

I tråd med tilråding frå Helsedirektoratet vil skulen ha behov for eit tilgjengeleg og tilrettelagt uteareal på omkring 21.250 m<sup>2</sup> (ref. *Veieleider til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014).

Eksisterande skuletomt er vesentleg mindre enn tilrådinga frå Helsedirektoratet. Det vil difor vere naudsynt å vurdere moglegheit for å utvide tomtearealet dersom ein framtidig K550-skule skal etablerast på eksisterande skuletomt.

Val av skuletomt vert vurdert nærare i neste kapittel (kap. 4).

## 4 Tomteval for ny skule

I dei to moglegheitsstudia for ny Dale BU (K600 og K400) vart to ulike lokaliseringar for ny skule vore presentert. I tillegg vert det i ein ny moglegheitsstudie vurdert om deler av areala i Kamgarnfabrikken kan nyttast til skuleføremål.


Alternativ tomt	Bruttoareal	Tilleggsareal	Samla BTA
A) Eksisterande tomt	16250	4124	20374
B) Tomt langs Daleelva	13690	4500	18190
C) Kamgarnfabrikken	23500	4500	28000

Tabell 4: Oversikt vurderte tomtealternativ for ny Dale barne- og ungdomsskule.

### 4.1 Eksisterande tomt

Eksisterande tomt har ligg innanføre tettbygd strøk i Dale sentrum. Tomta har eit samla areal på omkring 16250m<sup>2</sup> (målt på kart). I tillegg til sjølve skulebygget ligg det eit bustadhus og eit kontorbygg på tomta.

Parkarealet på toppen nord for skulen («Gamlehaugen») ligg i rimeleg nærleik til skulen og kan reknast med som del av skulen sitt tilgjengelege uteareal. Dette gjev skulen eit tilleggsareal på 4124m<sup>2</sup>.



Figur 4.1: 3D-skisse ny K600-skule på eksisterande tomt (Norconsult 2015)

## Uteområde

Eksisterande skuletomt vil vere godt egna i høve til 0-alternativet, dvs. for kombinertskule med kapasitet til 250 elevar.

For ei utvida kapasitet til 400 og/eller 550 elevar, oppfyller ikkje tomta anbefalinga frå Helsedirektoratet (*Veieleder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014) i høve til størrelse på tilgjengeleg uteareal. Det vil difor truleg vere nødvendig å søkje tiltak for å utvide tomtearealet dersom ein vel denne tomta for skulealternativ 1, 2 eller 3.

Terrenget er for det meste opparbeidd, men deler av tomta er bratt og vil ikkje kunne gjerast tilgjengeleg for leik og andre elevaktivitetar. Tomta er regulert for skuleføremål.

## Tilknytning til nærmiljø

Eksisterande skulebygg ligg sentralt plassert i Dale sentrum. Den sentrale plasseringa gjer skuletomta egna for fleirbruk, spesielt med tanke på utleige og bruk på ettermiddagar og helger. Det er gode tilkomstveggar inn til tomta og den ligg nært haldeplassar for buss og jernbane.

Uteområda til skulen er og ein ressurs for sentrum av Dale, samstundes som skulebygget vil vere eit viktig bygg for å forsterke eit tydeleg sentrum av Dale.

Aktivitetar på ettermiddags- og kveldstid i og omkring skulebygget vil medverke til liv og rørsle i sentrum av Dale og slik sett kunne føre til eit meir levande sentrum utover dagen.

Parkering og varelevering bør organiserast slik at det vert minst mogleg køyring inn i sentrum av Dale. Trafikksonen bør difor etablerast med innkøyring frå Dalseidvegen.

## Soltilhøve og dagslys

Sola er eit viktig element for opplevinga av uteområda til ein skulen. Dei beste tomtane for skuleanlegg har sollys på uteområda på formiddag og tidlig ettermiddag gjennom året. Solstudiar er presentert i Moglegheitsstudiet K600, kapittel 4.1.1 og 5.1.1.

Skuletomta har plassering og terrengform som gir gode soltilhøve og skjerming for kalde vinder frå nord og aust. I vintermånadene er det ikkje direkte sol på skuletomta, men frå 1. mars viser studiane at sola kjem til uteområda ved lunsjtid. Dette vil og gjelde for hausthalvåret.

## Støy

E16 og jernbanespor ligg i dag like ved skuletomta og utgjer ei potensiell støykjelde. Det ligg føre planar om ny trasé for både veg og jernbane, slik at støytilhøva venteleg vil betre seg med desse endringane.

Ved ei eventuell utviding av skulen på denne tomta bør det likevel gjerast akustiske vurderingar ut frå eksisterande og framtidig situasjon.

## 4.2 Tomt langs Daleelva (Sandliane)

Tomta langs Daleelva ligg sør for Kamgarnfabrikken, og består av eigedomene 22/679 og 22/710. Vi har fått opplyst av Vaksdal kommune at kommunen eig tomt 22/710. Tomta har vore avsett til idrett og kulturformål. I gjeldande reguleringsplan for tomt 22/679 er tomta regulert til industriformål. Tomtene må regulerast om dersom dei skal nyttast til framtidig skuletomt.

Til saman utgjer desse to tomtene eit areal på omkring 13700m<sup>2</sup>.

Dersom tomta skal nyttast til skule må påreknast at det vert å heve tomta med kring 1 meter.

Villahagen på baksida av Kamgarnfabrikken ligg i rimeleg nærleik til tomta og kan reknast med som del av skulen sitt tilgjengelege uteareal. Dette området er på omkring 4500m<sup>2</sup>. I tillegg vil det vere naturleg å søkje om å utvide skuletomta slik at denne stekker seg heil inntil fabrikkbygget. Det vil i så fall kunne gje eit tilleggsareal på vel 2000m<sup>2</sup> (Dette tilleggsarealet er ikkje tatt med i tabell 4).



Figur 4.2a: Situasjonsskart ny skule på Sandliane (Frå moglegheitsstudie K600, Norconsult 2015).

### Uteområde

For tomt langs Daleelva/Sandliane gjeld same problemstilling som nemnt i avsnittet over. Det vil vere nødvendig å utvide tomtearealet dersom ein vel denne tomta for skulealternativ 1, 2 eller 3, ettersom tilgjengeleg areal ikkje tilfredstillar anbefalt norm frå Helsedirektoratet.

Terrenget er flatt, og det vil truleg vere lett å opparbeide tomta til skuleføremål. Kommunen eig i dag berre den eine tomta, så eventuelt kjøp av nabo tomt må avklarast med grunneigar. Tomta må regulerast om til skuleføremål. Elevane sitt uteområde må sikrast mot Daleelva.

### Nærmiljø

Tomta på Sandliane ligg i utkanten av Dale sentrum, men likevel berre få minuttars gange opp til butikkar og rådhuset. Plasseringa att med Daleelva gjev tomta ei tydeleg historisk forankring, og vatn er eit attraktivt element i høve til barnas leik og læring. Også her vil eit godt opparbeidd uteområde vere ein ressurs for folk som bur nær Dale sentrum.

Mange brukarar av skulebygget vil truleg nytte bil til og frå skulen. Avstand til sentrum av Dale er truleg akkurat stor nok til at ein vel å ikkje gå frå parkeringsplass til sentrum, men i staden sit seg i bilen og køyrer. Dette vil i så fall både kunne føre til auka biltrafikk i sentrumsområdet, eller til at brukarane droppar å leggje turen innom sentrum.

Nærleik til Turbinen idrettshall gjev god moglegheit til å utnytte ledig kapasitet i hallen. Skulen vil ikkje trenge eige idrettsareal i tillegg. Det må opprettast god og sikker gangveg mellom skulen og idrettshallen.

Parkering og varelevering bør organiserast slik at det vert minst mogleg køyring inn i sentrum av Dale. Trafikksone bør difor etablerast med innkøyring frå Sandlivegen.

## Soltilhøve og dagslys

Sola er eit viktig element for opplevinga av uteområda til ein skulen. Dei beste tomtane for skuleanlegg har sollys på uteområda på formiddag og tidlig ettermiddag gjennom året..

Tomta ved Sandliane har ei mindre god plassering enn eksisterande skuletomt for å dra nytte av dagslys i skuletida, i dei periodane sola når fram over dei høge fjelltoppane. Frå 1. mars visar studien at sola ikkje kjem til uteområda før ved 13.20 tida. Dette vil og gjelda for haustsesongen. Seint på våren og heile sommaren er det sol på tomta frå morgon og utover ettermiddagen. Solstudiar er nærare presentert i Moglegheitsstudiet K600, kapittel 4.1.1 og 5.1.1

## Støy

E16 og jernbanespor passerer ikkje langt frå skuletomta og utgjør ein potensiell støykjelde. Tomta har ei naturleg skjerming mot vegen ved at den ligg på eit lågare nivå i landskapet. Framtidig ny trasé for veg og jernbane vil venteleg til ei forbetring i høve til støy på tomta.

Elva kan også vere ei potensiell støykjelde. Tilhøve knytt til støyproblematikk bør vurderast vidare av akustikar i ei eventuelt detaljering av ny skule her.

## Flaumsikring

Daleelva renn heilt inntil tomtegrensa ved Sandliane og Kamgarnfabrikken. Elva vil kunne gje nokre utfordringar knytt til klimatiske tilhøve og tryggleik. Det er utarbeida flomrapport for området. Vurderingar og eventuelle tiltak i høve til flomsikring må avklarast med NVE. Demping av kuldedrag bør og vektleggast i ei eventuelt vidare detaljering av skuletomta.



Figur 4.2b: 3D-skisse for mogleg plassering av ein K600-skule på Sandliane (Norconsult 2015).



### 4.3 Kamgarnfabrikken

Eit mogleighetsstudie er gjennomført for å kartleggje om det er mogleg å gjere deler av Kamgarnfabrikken om til lokalar for ny skule. I utgangspunktet vert det lagt til grunn at dagens verksemt i fabrikklokala skal halde fram i butikkbygget og i ca. halve fabrikkarealet. Det vert vidare lagt til grunn at ein stor del av fabrikkens sitt uteareal kan gjerast om til uteareal for skulen, og at nabotomtene 22/710 og 22/679 vil inngå i skulen sitt uteområde. Begge tomtene må regulerast om til skuleføremål.

Lasterampe for fabrikkens må flyttast slik at trafikk til og frå fabrikkens ikkje kjem i konflikt med skulen sine behov og elevane si tryggleik.

Det vert lagt til grunn at samla tomteareal for skulen, inkl. del av fabrikkbygget som vil bli nytta til skuleføremål, vil vere omkring 23500m<sup>2</sup>.

I tillegg vil det vere mogleg å utvide tomtearealet med Villahagen er næraste nabo til Kamgarnfabrikken i nord. Dette området er på omkring 4500m<sup>2</sup>. Hagen vil vere lett tilgjengeleg frå skulen, og kan til dømes reserverast særleg for dei yngste elevane.



Figur 4.3a: Skisse situasjonsplan for ny DBU lokalisert i Kamgarnfabrikken.

#### Forureining i grunn

I samband med nedlegging av Dale Garn AS i 2014, gjennomførte Miljødirektoratet eit nedleggingstilsyn. I tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet etter tilsynet kjem det fram at det er registrert noko forureining i grunnen, men at dette vert vurdert som «*Akseptabel forureining med dagens areal og resipientbruk*». Ny verksemd i areala må godkjennast av Miljødirektoratet.

#### Uteområde

Dersom nytt skulebygg vert etablert innanfor areala til Kamgarnfabrikken, og deler av fabrikkens sitt uteareal vert gjort tilgjengeleg for skulen, vil samla areal vere tilstrekkeleg i høve til anbefalinga frå Helsedirektoratet.

Terrenget rundt fabrikkens er i hovudsak flatt, og det vil truleg vere lett å opparbeide tomte til skuleføremål. Kommunen eig i dag berre delar av potensielt tomteareal, og eventuelt kjøp av restareal må avtalast med grunneigarar. Bruk og ombygging av areal i Kamgarnfabrikken til skuleføremål vert å avklare med fabrikkens eigar.

Tomt og bygning må regulerast om til skuleføremål. Elevane sitt uteområde må sikrast mot Daleelva.

#### Nærmiljø

Kamgarnfabrikken ligg som næraste nabo til tomte på Sandliane. Dei same faktorane som er nemnt under punkt 4.2 *Nærmiljø* vil difor også gjelde for skulelokalisering i Kamgarnfabrikken.

Bruk av Kamgarnfabrikken som skulebygg vil i tillegg sikre god etterbruk av lokalar som har vore sentrale i kommunens og tettstadens kultur- og industrihistorie.



Ved vidare drift av industriverksemda i Kamgarnfabrikken vert det særleg viktig å sikre skulen sitt uteområde og skulevegen mot trafikk til og frå industriverksemda.

**Soltilhøve og dagslys** likt som for punkt 4.2, Sandliane

**Støy** likt som for punkt 4.2, Sandliane

**Flaumsikring** likt som for punkt 4.2, Sandliane

*Figur 4.3: 3D-skisser frå framtidig skule i Kamgarnfabrikken. Øvst frå folkebiblioteket i 2. etasje. Nedst: utsikt frå læringsareal i 2. etasje (Mogleighetsstudie Kamgarnfabrikken, Norconsult 2016).*



#### 4.4 Oppsummering tomteval

I moglegheitsstudiane for ny K400- og K600-skule på Dale vert det konkludert med at begge tomtene har eit mindre tilgjengeleg areal enn tilrådinga frå Helsedirektoratet (ref. *Veieleider til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, Helsedirektoratet 2014). For ein framtidig skule med kapasitet opp mot 550-600 elevar vil eksisterande skuletomt ikkje dekkje meir enn omkring halvparten av tilrådinga frå Helsedirektoratet. Det vert difor tilrådd at ein anten søkjer utvide tomtearealet eller vurderer alternativ tomt.

Ein ny moglegheitsstudie (Norconsult 2016) viser at ei mogleg lokalisering av ny Dale barne- og ungdomsskule i deler av lokala til Kamgarnfabrikken vil kunne gje skulen nok areal, både inn- og utvendig. Moglegheitsstudien er basert på ein ny kombinertskule med kapasitet til 400 elevar, og viser korleis det er mogleg å få plass til både skule, skulehelseteneste og tilleggsareal for kultursal, kulturskule, ppt-avdeling og folkebibliotek.

Basert på moglegheitsstudiane for ny Dale BU har vi i tabellform sett opp oversikt over vurderte fordelar og ulemper ved dei tre tomtealternativa for ny Dale barne- og ungdomsskule.

Tilhøve knytt til avstand, tilgjenge og støy frå E16 og jernbane er ikkje tatt med i vurderinga her ettersom det pr. i dag ikkje er avklart kvar nye trasear vil kome. For dei same tilhøva knytt til dagens veg og jernbane, vert det vist til moglegheitsstudiane.

Alt 0, K250	+ Pluss	- Minus
<b>Eksisterande skuletomt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Regulert til skuleføremål</li> <li>+ Ferdig opparbeidd tomt</li> <li>+ Sentrumsnært, tilgjenge</li> <li>+ Gode tilhøve sol/dagslys</li> <li>+ park m/utescene nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ Mogleg å utvide skuletomta på sikt dersom skulen treng utviding (oppkjøp naboeigedomar).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Må flytte til midlertidig bygg i rive- og byggeperioden</li> <li>- Ekstrakostnad midlertidig skulebygg</li> <li>- Avstand til Turbinen</li> </ul>
<b>Ny tomt Dale sør, Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Ubygd tomt</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Tomt må regulerast om til skuleformål</li> <li>- kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710</li> <li>- behov for trafikk-tryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> <li>- I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum</li> </ul>
<b>Ny skule Kamgarn, med Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Moglegheit for stort uteområde sør for fabrikkbygget.</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Eigedom må regulerast om</li> <li>- kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710 og til kjøp/leige areal Kamgarn.</li> <li>- Kostnader knytt til forureining i grunn</li> <li>- Trafikk-tryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> <li>- Lav utnytting av Kamgarn, kan føre til meir industriverksemd i ledige areal på sikt. Skulen liten del av totalverksemd.</li> <li>- I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum</li> </ul>

Tabell 4.4.1: Vurderte fordelar og ulemper for lokalisering ny Dale BU med elevkapasitet K250.

Alt 1 og 2, K400	+ Pluss	- Minus
<b>Eksisterande skuletomt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Regulert til skuleføremål</li> <li>+ Ferdig opparbeidd tomt</li> <li>+ Sentrumsnært, tilgjenge</li> <li>+ Gode tilhøve sol/dagslys</li> <li>+ park m/utescene nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ Mogleg å utvide skuletomta på sikt dersom skulen treng utviding (oppkjøp naboeigedomar).</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Må flytte til midlertidig bygg i rive- og byggeperioden</li> <li>- Ekstrakostnad midlertidig skulebygg</li> <li>- Avstand til Turbinen</li> <li>- Tilgjengeleg uteareal er lite</li> <li>- Truleg naudsynt med bygg i 3 etasjar</li> <li>- Tilleggsfunksjonar vanskeleg å få til</li> </ul>
<b>Ny tomt Dale sør, Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Ubygd tomt</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Tomt må regulerast om til skuleformål</li> <li>- kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710</li> <li>- trafikktryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> <li>- I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum</li> <li>- Tilgjengeleg uteareal er lite</li> <li>- Kan bli naudsynt med bygg i 3 etasjar</li> <li>- Tilleggsfunksjonar vanskeleg å få til</li> </ul>
<b>Ny skule Kamgarn, med Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Moglegheit for stort uteområde sør for fabrikkbygget.</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> <li>+ gode moglegheiter for tilleggsfunksjonar</li> <li>+ God gjenbruk av ledig areal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Eigedom må regulerast om</li> <li>- Kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710 og kjøp/leige areal Kamgarn.</li> <li>- Kostnader knytt til forureining i grunn</li> <li>- Trafikktryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> <li>- I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum</li> </ul>

Tabell 4.4.2: Vurderte fordelar og ulemper for lokalisering ny Dale BU med elevkapasitet K400.

Alt 3, K550	+ Pluss	- Minus
<b>Eksisterande skuletomt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Regulert til skuleføremål</li> <li>+ Ferdig opparbeidd tomt</li> <li>+ Sentrumsnært, tilgjenge</li> <li>+ Gode tilhøve sol/dagslys</li> <li>+ park m/utescene nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Må flytte til midlertidig bygg i rive- og byggeperioden.</li> <li>- Ekstrakostnad midlertidig skulebygg</li> <li>- Avstand til Turbinen</li> <li>- Tilgjengeleg uteareal er for lite</li> <li>- Vil bli naudsynt med bygg i 3 etasjar</li> <li>- Tilleggsfunksjonar vanskeleg å få til</li> </ul>
<b>Ny tomt Dale sør, Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Ubygd tomt</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Tomt må regulerast om til skuleformål</li> <li>- kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710</li> <li>- trafikktryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> <li>- I mindre grad enn eksisterande tomt direkte tilknytning til sentrum</li> <li>- Tilgjengeleg uteareal er for lite</li> <li>- Vil bli naudsynt med bygg i 3 etasjar</li> <li>- Tilleggsfunksjonar vanskeleg å få til</li> </ul>
<b>Ny skule Kamgarn, med Sandliane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>+ Kan nytte eksist. skule i byggetida.</li> <li>+ Nærleik til Turbinen</li> <li>+ Moglegheit for stort uteområde sør for fabrikkbygget.</li> <li>+ park/hage nært skulen er godt egna for undervisning og leik ute</li> <li>+ god lokal forankring i lokal industrihistorie ved elva</li> <li>+ gode moglegheiter for tilleggsfunksjonar</li> <li>+ God gjenbruk av ledig areal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre sol i skuletida</li> <li>- Eigedom må regulerast om</li> <li>- kostnad knytt til kjøp av tomt 22/710 og kjøp/leige areal Kamgarn.</li> <li>- Kostnader knytt til forureining i grunn</li> <li>- behov for trafikk-tryggingstiltak til Turbinen</li> <li>- Avstand til symjehall</li> </ul>

Tabell 4.4.3: Vurderte fordelar og ulemper for lokalisering ny Dale BU med elevkapasitet K550.

Ved ei vidareføring av dagens skulestruktur (alternativ 0) vert det anbefalt å erstatte dagens skulebygg på Dale med eit nytt bygg med kapasitet til opp mot 250 elevar. Eksisterande skuletomt vert vurdert som det beste alternativet for lokalisering av ein ny K250-skule.

Strukturalternativ 1 og 2 krev at det vert etablert ein ny kombinertskule med kapasitet opp mot 400 elevar. Ei lokalisering av ny skule i deler av Kamgarnfabrikken vert vurdert som det beste alternativet for ein ny K400-skule.

Strukturalternativ 3 medfører behov for eit større skulebygg og eit større tilgjengeleg uteareal enn dei andre alternativa. Ei lokalisering av ny skule i deler av Kamgarnfabrikken vert vurdert som det beste alternativet for ein ny K550-skule.

Moglegheitsstudien som er gjort for skule i Kamgarnfabrikken er basert på ei mogleg K400-skule med tilleggfunksjonar her. Ei utviding av kapasiteten vil i hovudsak føre til utfordringar i høve til å sikre nok tilgang på dagslys inn i varige opphaldsareal. Med noko utviding og omdisponering av arealet i K400-skulen, og tilpassing i høve til sambruk, vil det vere mogleg å sikre tilstrekkeleg areal og tilgang på dagslys i opphaldsareala.

*Figur 4.4:*

*Illustrasjon innvendig ljosgard i mogleg ny Dale BU i Kamgarnfabrikken (Norconsult 2016).*

